

Avtalevilkår for Stord kommune sine anskaffingar av varer, tenester, bygg og anlegg.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 26.04.2018

Vedtak

Stord kommunestyre vil leggja til rette for eit seriøst arbeidsliv, og motverka arbeidslivskriminalitet og sosial dumping.

- 1) Kommunestyret tek til vitande at det vert arbeidd med ein ny innkjøpsstrategi og –reglement gjeldande for Sunnhordland interkommunale innkjøpsforum, der samfunnsansvar i ny «Lov om offentlige anskaffelser» og tilhøyrande forskrifter vert innarbeidd. Avtale
- 2) Kommunestyret legg til grunn at rådmannen vil arbeida aktivt for å realisera dei intensjonane som ligg til grunn for dei 11 seriøsitetskrava til ein seriøs byggebransje.
- 3) Kommunestyret legg til grunn at rådmannen vil innarbeida reviderte seriøsitetskrav i kommunen sine avtalevilkår for anskaffingar i bygg og anlegg når desse ligg føre.
- 4) (Jfr. Pkt. 3 i Seriøsitetskrava) Majoriteten av timane (meir enn 50 %) innanfor bygg- og anleggsgaga i alle ledd av kontrakten skal utførast av personar med fagbrev. Det kan gjevast unntak for mindre bedrifter og enkeltmannsføretak.
- 5) (jfr. Pkt. 4 i Seriøsitetskrava) Minimum sju prosent av arbeidande timar i bygg- og anleggsgaga i alle ledd av kontrakten skal utførast av lærlingar. Det kan gjevast unntak i fag der det er uråd å tilsetja lærlingar eller for mindre bedrifter og enkeltmannsføretak.
- 6) (jfr. Pkt. 7 i Seriøsitetskrava) Arbeid for Stord kommune skal som hovudregel utførast av fast tilsette hjå leverandørane. Innleidde arbeidarar som jobbar på kontrakt for Stord kommune skal lønnast minimum i samsvar med gjeldande tariffar og ha kontraktar som viser at dei er fast tilsette i 100 prosent stilling i bemanningsselskapet.
- 7) (jfr. Pkt. 8 i Seriøsitetskrava) Kontraktkjeda skal vera avgrensa til to ledd der hovudleverandør er første ledd og ev. bemanningsselskap er rekna som eitt ledd. Dersom det er særlege grunnar til det, kan byggherren tillata tre ledd som maksimum.
- 8) Byggherren kan krevja dagmulkt dersom tilbydar sjølv eller nokon av hans kontraktsmedhjelparar bruker ulovleg eller ikkje kontraktsmessig arbeidskraft, og tilhøvet ikkje er blitt retta innan ein frist gjeven ved skriftleg varsel frå kommunen.
- 9) Bedrifter som utfører oppdrag for Stord kommune skal uoppmoda leggja fram dokumentasjon på at dei oppfyller kontraktsvilkåra.
- 10) Regelverket ovanfor trer i kraft ved kontraktar med verdi over kr 500 000,-.
- 11) På bakgrunn av det store omfanget av sosial dumping og arbeidslivskriminalitet i byggfaga oppmodar Stord kommunestyre til fagorganisering og oppretting av tariffavtalar. Den partsamansette gruppa i Stord kommune skal minst to gonger i året ha møte med representantar frå byggenæringa og fagorganisasjonar for å diskutera tiltak for å fremja eit seriøst arbeidsliv og fagorganisering.